

# Tilskot til fartøyvern i Hordaland 2016



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE







### **B.E.F.2 "Beffen"**

**Kommune:** Osterøy  
**Eigar:** Linda Holmedal Loftås  
5281 Valestrandsfossen

**Kallesignal:** LM6306  
**Kostnad:** 120 000  
**Søknadssum:** 120 000  
**Tilråding:** 30 000  
**Tidlegare tilskot frå HFK:** 114 000

Bergen Elektriske Færjeselskap har dreve ferjetrafikk over Vågen i Bergen sidan 1894. Over 40 millionar passasjerer hadde selskapet frakta ved 100 års jubileet i 1994. Utallige ferjer har teke del i denne trafikken. Ferja er frå 1977. Ho var den 12. i rekkja og markerte eit skilje både i konstruksjon og utsjånad. Sjølv om skroget er av furu med stamner av eik, hadde den nye ferja skandekk, dekk og overbygg av heilsveist aluminium. Fartøyet er bygd ved Lars Hausberg båtbyggeri. Beffen 2 er no sett inn i ny rute mellom Rundetårnet i Bergen hamn og Fiskerimuseet.

#### Tiltaket

Diverse utbetringar - motor, el.anlegg, skifte kledning innvendig, hudplank, klargjering og maling.

#### Vurdering

Beffen er ein institusjon, og trafikken over Vågen har vore nær knytta opp mot den regionale båttrafikken. Ikkje sjelden vart "ei tur til byn" kombinert med ei tur med Beffen. Riksantikvaren har stadfesta at ferja har dei kriteriar som skal til for å oppnå vernestatus. Samtlege av tiltaka det søkast om er stønadsverdige etter retningslinene: f) Det kan gjevast tilskot til dekning av faktiske og naudsynte driftsutgifter knytt til vedlikehald (til dømes naudsynt forbruksmateriell, periodisk ettersyn/service av maskineri og teknisk utstyr.) Tilskotet vert gitt under føresetnad av at B.E.F.2 får vernestatus av Riksantikvaren.

Tilråding: kr 30 000



## **M/K "VAARSOL "**

<b>Kommune:</b>	Kvinnherad
<b>Eigar:</b>	Opsangervågen Kystlag Sundsvegen 10, 5450 Sunde
<b>Kallesignal:</b>	LCVT
<b>Kostnad:</b>	130 000
<b>Søknadssum:</b>	100 000
<b>Tilråding:</b>	30 000
<b>Tidlegare tilskot frå HFK:</b>	15 000

### Kulturminne

Fiskefartøyet M/K "Vaarsol" vart bygd av Tørres Skaaluren, Rosendal, for brødr. Skavhellen, Fana. "Vaarsol" høyrde heime i Fana til ho vart seld til fam. Pedersen i Kjerkfjorden, Reine i Moskenes kommune i Lofoten på 1940-talet. I 2007 vart ho seld til Vesterålen der ho var "kvotebåt" i eit år. Noverande eigarar overtok fartøyet på Blokken Verft i august 2008. Ein stor del av tida i Nord-Noreg hadde ho namnet "Svatind", men fekk tilbake originalnamnet "Vaarsol" i 2008.

### Tiltaket

I 2016 skal fagfolk frå Hardanger Fartøyvernsenter laga ein rapport på "Vaarsol" for Riksantikvaren. Det er/har vore ein lekkasje rundt lyskastaren i lengre tid. Det medfører at innvendig plateledning som er råka av dette vil måtte skiftast. Kartplottaren sine kartdata er lagra på utrangerte datasystem og er kondemnert. Radaren er òg kondemnert og ny bør installerast. (Her får ein i dag kombinerte løysingar.) Motoren må opprettast pga vibrasjonar. Elles vanleg vedlikehald som slippsetting, skifte sinkanodar og bunnsføring.

### Vurdering

Kystlaget fekk avslag på søknaden sin i 2015, fordi fartøyet ikkje hadde fått vernestatus frå Riksantikvaren. Fartøyet skal nyttast av kystlaget, og tiltaket kjem såleis ålmenta til gode. Vi meiner det er viktig å få utarbeidd ein god tilstandsrapport. Sidan dette er kostnadsrekna til 15 000, meiner vi dette må få første prioritet. Resten av tilskotet skal gå til eit av dei andre omsøkte tiltaka.

Tilråding: kr 30 000



### **MS Bjørn-West**

**Kommune:** Odda  
**Eigar:** Opsangervågen Kystlag Sundsvegen  
10, 5450 Sunde

**Kallesignal:** LLSB  
**Kostnad:** 1 112 500,0  
**Søknadssum:** 1 000 000,0  
**Tilråding:** 60 000  
**Tidlegare tilskot frå HFK:** 210 000

#### **Kulturminne**

M/F Bjørn West var fram til 1945 mineleggjaren TYR. KNM Tyr vart bygd på Marinens hovudverft i Horten i 1887 som kanonbåt, brukt som mineleggjar i 1913.

Fartøyet var mobilisert i alle dei tre krisesituasjonane for landet vårt i nyare tid, - ved unionsoppløysinga i 1905, under 1. verdskrig og i april dagane 1940. Etter krigen vart fartøyet seld til private og ombygd til tungløfteskip. I 1949 vart Tyr på nytt ombygd til bilferje og fekk namnet M/F Bjørn West, oppkalla etter Milorgbasen i Matrefjellet i Nordhordland. I 1988 vart fartøyet ombygd til transportfartøy.

#### **Tiltaket**

Tilskotet skal nyttast til å føra vidare oppgraderingsarbeidet som vart påbyrja i 2012. Høgst prioritet vil vera å få ein grundig tilstandsrapport frå fagleg hald på fartyet, slik at ein har eit godt grunnlag for å søkja midlar frå ymse hald. Elles vil ein halda fram med generelt vedlikehald av fartyet, som slippsetting, botnbehandling og generelt vedlikehald av dekk og maskin.

#### **Vurdering**

Eit fartøy med stor historisk verdi. Det er ei omfattande liste med tiltak som må gjerast, og sidan alle tiltaka som er lista opp fell innafør retningslinene, overlet vi til laget å avgjere kva som bør prioriterast.

Tilråding: 60 000



### **MY Tysso**

<b>Kommune:</b>	Odda
<b>Eigar:</b>	Norsk Vasskraft- og industriadmuseum naustbakken 7, 5770 Tyssedal
<b>Kallesignal:</b>	LHXW
<b>Kostnad:</b>	374 975
<b>Søknadssum:</b>	30 000
<b>Tilråding:</b>	30 000
<b>Tidlegare tilskot frå HFK:</b>	280 000

#### Kulturminne

M/Y Tysso vart bygd i 1917 av Oma Baatbyggeri på Stord. Ho vart kjøpt av Glomfjord Smelteverk i 1918. Industriverksemdene i Odda/Tyssedal kjøpte båten i 1923, og AS Tyssefaldende var eigar frå 1947-1987. Museet overtok fartøyet i 2004, og i 2005 starta restaureringen ved Hardanger fartøyvernssenter.

#### Tiltaket

Istandsetting og ivaretaking. Det er utarbeid eit omfattande kostnadsoverslag. Mellom dei største tiltaka er slippsetting, spyling og bunnsføring. I tillegg skal det gjerast arbeid på akterdekk, hyttesider, styrehus og kister på dekk.

#### Vurdering

Fartøyet er nytta til formidling, utleige og representasjon ved NVIM. Tysso vart bygt som lystbåt, men har for det meste vore nytta til skyss- og representasjonsbåt for den kraftkrejande industrien, og difor ei viktig del av Odda si industrihistorie. Viktige tiltak på viktig fartøy.

Tilråding: kr. 30 000



### **M/S "Lete" ("Nordkabel")**

<b>Kommune:</b>	Kvinnherad
<b>Eigar:</b>	Stiftinga Halsnøy Historiske Senter Høylandsbygdvegen 435, 5457 Høylandsbygd
<b>Kallesignal:</b>	LMFH
<b>Kostnad:</b>	4 895 000
<b>Søknadssum:</b>	400 000
<b>Tilråding:</b>	40 000
<b>Tilskot 2010-2014:</b>	260 000

#### Kulturminne

M/S "Lete" vart levert frå Standard Båtbyggeri i Drammen i 1947 til Telegrafverket som kabelbåten M/S "Nordkabel". M/S "Nordkabel" vart stasjonert i Bodø og opererte i Nordland, Troms og Finnmark. I 1980 vart skipet seld til Bergen Dykkerklubb og namnet endra til "Lete". Skipet framstår i all hovudsak som intakt og med originalt maskineri. Noverande eigar overtok skipet i 2010.

#### Tiltaket

Utvendig reparasjonsarbeid, trekking av propellaksel, kontroll av propellar, ror, rorlager. Reparasjon av rekker og dekk (hovuddekk og båtdekk), dører og vindauge. Renovering, med innreing i lasterommet og nedgangskappe i forkant av overbygg. Maling og stoffing av skrog og dekk. Overhaling av rigg. Overhaling av elektrisk anlegg inkl. tavle i motorrom, generator, batteri og hjelpemotor og mykje meir.

#### Vurdering

Omfattande tiltak skal gjerast på eit fartøy som er av høg verneverdi og som fekk vernestatus i 2011. Truleg det einaste fartøyet av denne typen som har fått vernestatus. Tiltaket vil gje god effekt for ålmenta. Viktig tiltak med stor formidlingsverdi og eit tiltak som kjem ålmenta til gode. Tiltaka som er ramsa opp kan gjerast over mange år, og vi oppmodar eigar om å søkje meir midlar ved neste tildeling.

Tilråding: kr 40 000



### **M/S "Bjørn"**

<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Sandviksboder Kystkultursenter Sandviksboder 15-17 5035 Bergen
<b>Kallesignal:</b>	Ikke kjent
<b>Kostnad:</b>	300 000
<b>Søknadssum:</b>	100 000
<b>Tilråding:</b>	30 000
<b>Tidlegare tilskot frå HFK:</b>	100 000

#### Kulturminne

M/S "Bjørn" vart bygd i 1867 for Bergen Dampbaadelag som slepe- og passasjerbåt og ombygd til brannbåt i 1873. Fartøyvet har originalt skrog, og har ei godt dokumentert historie som brannbåt for Bergen brannvesen i 83 år. Den har klinka jernskrog. Fartøyet fekk vernestatus i 2013 og vert no brukt som tankbåt for kystkultursenteret i Sandviken

#### Tiltaket

Reparasjon av skrogplater - ukjent omfang, men fleire av platene har for lite jern. Sidan fartøyet er klinka, er det berre Dåfjorden verft i Fitjar som kan gjere dette arbeidet. Arbeidet er tidkrevjande og klinking av stål krev tålmod og god kompetanse.

#### Vurdering

Det er vanskeleg å kostnadsrekne slikt arbeid, og eigar har sett opp eit kostnadsoverslag som er høgst usikkert. Viktig å løyve midlar til tiltak som er med på å halde ved like naudsynt handverkskompetanse.

Tilråding: kr 30 000



## **Markol V**

<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Norges fiskeri- og Handelsmuseum Sandviksboder Kystkultursenter Sandviksboder 15- 17 5035 Bergen
<b>Kallesignal:</b>	LCBH
<b>Kostnad:</b>	876 250
<b>Søknadssum:</b>	200 000
<b>Tilråding:</b>	30 000
<b>Tidlegare tilskot frå HFK:</b>	335 000

### Kulturminne

Føringsbåten Markol V er truleg den einaste gjenverande føringsbåten som er i seglbar stand. Han vart bygd i 1956 av båtbygger Edvard Løfall, Løfallstrand i Kvinnherad. Frå byrjinga av 19-talet og fram til 1970 var denne type laste- og slepefartøy ein viktig del av infrastrukturen på Bergen hamn. På det meste var det om lag 50-60 føringsbåtar i drift samstundes.

### Tiltaket

Reparasjon av Styrehus og dekk. Det trengs midlar til trearbeid. Det er også naudsynt med utskifting av el. anlegget.

### Vurdering

Sjølv om tilskotet som det vert innstilt på, er lite, voner vi at det finst andre kjelder til finansiering. Markol er no i Hardanger og ligg ved fartøyvernsenteret. Vi voner Norges Fiskeri - og Handelsmuseum har eigne midler å sette av til tiltaket. Løyver kr. 30000 til trearbeidet.

Tilråding: 30 000



## **"Vulcanus"**

<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Vulcanus Taubåtkompani c/o Sandviksboder Kystkultursenter, Sandviksb. 15-17
<b>Kallesignal:</b>	JXDR
<b>Kostnad:</b>	250 000
<b>Søknadssum:</b>	400 000
<b>Tilråding:</b>	100 000
<b>Tidlegare tilskot frå HFK:</b>	480 000

### Kulturminne

Slepebåten "Vulcanus" vart levert av Bolsønes verft i Molde som bygg nr. 169 våren 1959. Motoren er ein Alpha type 498V0 på 960 hk v/310 o/m. "Vulcanus" var søsterskipet til "Titan", bygg nr. 168 frå same verft. Sjølv om det er verna er "Vulcanus" framleis sertifisert og har teke på seg fleire slepeoppdrag.

### Tiltaket

Hovudklassing - slippsetting m. bl.a. propell og rorakseltrekk. Maling, naudsynt vedlikehald. I tillegg søker eigar om midlar til tiltak som er gjennomførte. Årsaka er at kostnadene ved nokre av desse tiltaka vart vesentlig høgare enn antatt. Kostnadene til dekk- og skanseledning vart m.a. 187 000 meir enn budsjettert.

### Vurdering

"Vulcanus" er eit viktig kulturminne, og den einaste slepebåten i Hordaland som er verna. I tillegg er det eit fartøy som er i drift. Administrasjonen har, etter at søknadsfristen gjekk ut, motteke dokument som viser at sluttrekninga frå verftsarbeidet vart kr. 600 000 dyrare enn ein rekna med. Vi har teke denne saka opp med Riksantikvaren og voner dei finn midlar til å dekke meirkostnadene ved dette arbeidet.

Tilråding: kr 100 000 til klassing og slippsetting m/ arbeid.



## **M/S "Tysnes"**

<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Geir Røsland Kvernabekkvegen 70 E, 5243 Fana
<b>Kallesignal:</b>	LHRF
<b>Kostnad:</b>	960 000
<b>Søknadssum:</b>	100 000
<b>Tilråding:</b>	Avslag
<b>Tidlegare tilskot frå HFK:</b>	490 000

### Kulturminne

M/S "Tysnes" vart levert som lokalrutebåt frå Mjellem og Karlsen til HSD i 1930. Lokalrutebåt i Sunnhordland 1930-1963, då ho vart seld og ombygd til fraktesfartøy. Etter mange år i lokal sandfart på Sørvestlandet som M/S "T. J. Osnes" og etter kvart M/S "Vartun", gjekk ho i opplag i 1985. Etter to år ved kai i Smedasundet i Haugesund vart ho seld til noverande eigar med tanke på framtidig restaurering tilbake til utsjånaden ho hadde som lokalrutebåt. Restaureringsarbeidet starta i Dåfjorden på Fitjar i 2003.

### Tiltaket

Planen for 2016 er å gjera ferdig alle stålarbeid i akterskipet. Det går ut på å reparera rennesteinar, skifta nokre få skrogplater og ein del av skanseledninga. Ein del stålarbeid vert det også på salongskottet. Når desse arbeida er utførte, er det klart for å leggja tredekk i akterskipet.

### Vurdering

M/S "Tysnes" er eit av få stålklinka skrog i Hordaland som er att. Fartøyet fekk vernestatus i 1994, og har høg verneverdi. Eit viktig tiltak, men vi finn ikkje rom for midlar i år. Oppmodar eigar om å søkje ved neste tildeling.

Tilråding: Avslag



### **MY/FYK**

**Kommune:** Bergen  
**Eigar:** Museumssenteret i Hordaland  
5107 Salhus

**Kallesignal:** Ukjent  
**Kostnad:** 2 402 000  
**Søknadssum:** 350 000  
**Tilråding:** 20 000  
**Tilskot 2010-2014:** 30 000

#### Kulturminne

"FYK" vart bygd hjå Jørgensen & Vik i Grimstad 1917 etter teikningar av Richard Furuholmen. Oppdragsgjevar var Johan B. Kuhnle, eldste son til skipsreiar Gottfried Kuhnle i Bergen. Johan gav båten namnet "Eydis II", men seide han same år vidare til direktør Jiirgen Clausen i Salhus, som gav han namnet "Fyk". Skroget er av furu på eik og overbygget og innreiinga er av mahogny.

#### Tiltak

Total restaurering av fartøyet. Kostnadsoverslaget er utarbeid av fartøyvernssenteret i Hardanger. Vanskeleg å fastslå storleiken på tiltaket, fordi omfanget av råteskadar ikkje kan stadfestast før ein har avdekka treet.


#### Vurdering

Motoryachten "FYK" er både ein av Noregs eldste og den mest intakte motorbåten av sin type dvs; lystbåtar teikna av Rickard Furuholmen. Fartøyet har høg verdi som kjelde for lystbåttradisjonen. Fartøyet har originalt interiør av høg kvalitet og representerer ei viktig side av Salhus si historie frå 1917 til 1998. Vi løyver eit mindre beløp slik at fartøyet kan takast vare på inntil ein finn ei løysing på finansieringa.

Tilfråding: 20 000

#### Tiltaket

Omfattande søknad m vedlegg.



### **M/S "Guløy"**

**Kommune:** Kvinnherad  
**Eigar:** Halsnøy Historiske Senter

**Kallesignal:** LM - 3314  
**Kostnad:** 6 224 861  
**Søknadssum:** 490 000  
**Tilråding:** 50 000  
**Tidlegare tilskot frå HFK:** 0

#### Kulturminne

M/S "Guløy" vart bygd hjå Brødrene Østensen, Hisjo, Bømlø i 1937. Tok del i sildefiske og gjekk i fraktesfart i lange periodar. Eksteriørmessig framstår fartøyet tilnærma slik som det var i full drift, med unnatak av fiskeriutrustinga. Innvortes er det gjort endringar grunna nye bruksområde. Fartøyet blei forlenga frå 40 til 50 fot i 1952. Motor er av type Wichmann Type F 40-70 Hk.

#### Tiltaket

Reparasjon og oppgradering av fartøyet. Slippsetting, reparasjon og renovering av fartøyet. Skroget er slept til Høylandsbygd og klargjort for utbetring. Motoren er tatt på land for overhaling. Arbeidet skal gjerast av pensjonistklubben på Wichmann, som har spesialkompetanse på feltet. Styrehuset er teke av og skal utbetrast, og vert montert når arbeidet på skroget er gjort.

#### Vurdering

Eit fint tiltak, og ein viktig båt. Prosjektet er kostnadsrekna til kr 4 895 000. Eigar vil leggje ned ein stor eigenandel i tiltaket, og det er eit tiltak som kjem ålmenta til gode når det vart gjennomført. Kommunen tilrår også at prosjektet får stønad, og eigar har vore i kontakt med Hardanger fartøyvern senter for å rekne ut kostnaden med prosjektet.

Tilråding: 50 000

## **M/S "Midthordland"**

<b>Kommune:</b>	Os
<b>Eigar:</b>	Det Midthordlandske dampskipselskap AS Holtbrekk 7 - OS
<b>Kallesignal:</b>	JXNN
<b>Kostnad:</b>	1 016 000
<b>Søknadssum:</b>	100 000
<b>Tilråding:</b>	80 000
<b>Tidlegare tilskot frå HFK:</b>	605 000



### Kulturminne

M/S "Midthordland" har nasjonal status som verneverdig fartøy. Ho vart bygd i 1947 på Stord Verft og gjekk i rute mellom Bergen og bygdene kring Bjørne- og Samnangerfjorden. I 1962 vart "Midthordland" overteke av HSD og fekk den nye eigaren sine fargar på skrog og skorstein. Ruta vart nedlagt i 1970, fartøyet vart seld og gjekk mellom anna i chartertrafikk på Oslofjorden. I 1994 vart ho kjøpt heim av entusiastar som skipa ei stifting.

### Tiltaket

Skifte fordekket. Dette tiltaket skulle vore gjort tidlegare, men vart utsett fordi det måtte gjerast stålarbeid på skroget. Arbeidet med skifting av dekket er starta opp i samråd med Riksantikvaren og fylkeskommunen. Masten er teken ned og stål må skiftast der det er dårleg. Rekkestøttar må utbetrast.

### Vurdering

Eit viktig tiltak som har stått lengje "på vent". Tiltaket er kostnadsrekna til kr 1 016 000, men vert truleg dyrare. Hordaland fylkeskommune har tidlegare løyvd kr 100 000 til tiltaket, og til saman har eigar motteke kr 700 000 i offentlege midlar til tiltaket. Vi opnar for at det kan søkast om meir til dette tiltaket.

Tilråding: kr 80 000



### **M/F "Skånevik"**

<b>Kommune:</b>	Stord
<b>Eigar:</b>	Ferjelaget "Skånevik" Hamnegata 22, 5411 Stord
<b>Kallesignal:</b>	LLVX
<b>Kostnad:</b>	1 900 000
<b>Søknadssum:</b>	400 000
<b>Tilråding:</b>	50 000
<b>Tidlegare tilskot frå HFK:</b>	2 430 000

#### Kulturminne

M/F "Skånevik" er ei bilferje bygd i 1967 for HSD. Etter mykje arbeid overtok dagens eigarar "Skånevik" i mars 2005. Ho vart seinare freda saman med "Skibladner". Desse var dei første fartøya i landet som vart freda etter kulturminnelova. Ferja er i god teknisk stand, og det meste av det opphavlege interiøret og eksteriøret er intakt. Ferja har to 450 BHK originale Wichmann motorar. Denne kategorien ferjer hadde ei sentral rolle i norsk samferdsle. M/F "Skånevik" er ei fin representant for ferjene som trafikkerte fjordane på Vestlandet fra 60-talet og utover. Det som er spesielt for desse fartøya, er at dei var utstyrte med stor utsiktssalong oppe på dekk 2 fordi dei skulle trafikkere lange ferjestrekningar. I tillegg var det eit stort promenadedekk akterut. Skånevik er også eit godt døme på intakt respatex-interiør, som vart nytta i dei fleste ferjene på den tida. Det var ein revolusjon med tanke på kor lett det var å halde bordflater og diskar reine.

#### Tiltaket

Vedlikehald av fartøyet: Spyling, oljeskift, utbetring av lekkasjar. Oljelekkasje hovudmotor, lekkasje på styremaskinpumpe og kjølevannrøyr. Stålarbeid og andre reparasjonar: Skifte stål baugport. Lekk oljetank for løftebaug, overhaling av kjølemaskin og vifter i kjøler. Utbetring av sideportar og rekkverk på falllem. Oppussing av dusj og toalett.

#### Vurdering

Hordaland fylkeskommune har vore ein aktiv part i arbeidet med å frede og ta vare på denne ferja. Ferjelaget "Skånevik" vart stifta 22. januar 2005 og registrert i Brønnøysund same månad. Ferjelaget overtok M/F "Skånevik" i mars samme år. Lagets hovedformål er å verne og vedlikehalde fartøyet etter antikvariske retningslinjer. Sidan "Skånevik" er freda, reknar vi med at det kjem ei større løyving frå Riksantikvaren til fartøyet. "Skånevik" har gått i rute i Sogn i 2015 og har hatt ei god inntening.

Tilråding: kr 50 000



### **D/S "Stord 1"**

<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Stiftelsen D/S Stord 1 Postboks 1740 Nordnes 5816 BERGEN
<b>Kallesignal:</b>	LEYT
<b>Kostnad:</b>	1 065 000
<b>Søknadssum:</b>	865 000
<b>Tilråding:</b>	630 000
<b>Tilskot 2010-2014:</b>	2 153 000

#### Kulturminne

D/S "Stord" vart bygd i 1913 for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap. Dette er ein typisk representant for dei større dampdrivne ruteskipa som gjekk langs kysten og i fjordane frå 1880-talet og til langt ut på 1950-talet. "Stord" gjekk ut av rutefart i 1969. Laget overtok "D/S Stord 1" i 1981 etter lang tid i opplag som losjibåt i Oslo.

#### Tiltaket

Følgjande tiltak ligg til grunn for søknaden til Hordaland fylkeskommune: Komplettering av restaureringsarbeidet: Inventar, skilt, seglduk/canvas langs rekke. Klassing/sertifisering av teknisk utstyr. Sertifisering og service av redningsutstyr, brannsløkkeutstyr. Bunnkontroll. Landstraum ved Holbergskaien. Arbeid utført ved Hardanger fartøyvernssenter.


#### Vurdering

Stiftinga D/S Stord 1 har ei stor gjeld. Av kostnadsoverslaget går det fram at dei har eit finanslån på i overkant av kr 2 000 000, med ei årleg tilbakebetaling på i overkant av kr 500 000. Etter nedbetalingsplanen skal dette lånet vere tilbakebetalt i 2021. Difor var det eit hardt slag for laget at dei ikkje vart tilgodesett med midlar frå Riksantikvaren ved tildelinga i 2015.

D/S "Stord 1" har vore ei viktig inntektskjelde for Hardanger fartøyvernssenter. Fartøyet har hatt oppdrag på fartøyvernssenteret for til saman 12 mill. D/S "Stord 1" er det største fartøyvernprosjektet for passasjerskip i landet og har ein framifrå organisasjon til å drifte prosjektet, men treng vesentlege kapitalinnsprøytingar inntil gjelda er nedbetalt om 5 år.

Selskapet har etter samtaler med Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune informert om at dei vil søkje om midlar etter at at arbeidet med restaurering og innreing vart ferdigstilt. Dette vart gjort for at fartøyet snarast skulle få inntening. Som ein følgje av dette fekk fartøyet vesentlege driftsinntekter frå 2015. Når gjelda er nedbetalt i 2021, vert kapitalbehovet redusert.

Tilråding: kr 630 000



### **M/Y "Sporen"**

<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Dag Stray Breistein Søndre Blekevei 4 - 5018 Bergen
<b>Kallesignal:</b>	LCCL
<b>Kostnad:</b>	1 060 722
<b>Søknadssum:</b>	600 000
<b>Tilråding:</b>	30 000
<b>Tidlegare tilskot frå HFK:</b>	0

#### Kulturminne

M/Y "Sporen" vart bygd i Ølve i 1933 som reisandebåt eller agentbåt. Første eigar var Gudmund Bakken. Under krigen vart "Sporen" konfiskert av tyskarane og stasjonert i Trondheim, men fartøyet vart frigitt i 1944. Deretter gjekk fartøyet i passasjerdrift i Stavanger. Etter krigen var fartøyet innleigd av staten og nytta i arbeidet med gjenreisinga av Nord-Noreg. I 1946-50 var fartøyet ein del av fiskerioppsynet på Vestlandet (Bergen-Møre), før det igjen vart tatt i bruk som agentbåt for Sundt & co i 1952. I 1974 overtok noverande eigar, Sporens rederier fartøyet og det vart brukt som representasjonsfartøy. I 1952 vart det sett i Rubb 120hk som i 1978 vart bytta ut med Mercedes 320.

#### Tiltaket

Utbetring av råteskade. Arbeidet som er utført er i samsvar med retningslinene. All fornying er gjort som kopi av tidlegare (1933-1978) utført arbeid.

#### Vurdering

Eigar har vore i kontakt med HFK under arbeidet, og blitt samd med HFK i at arbeidet kan starte opp og at det kan søkast i ettertid sidan det var ledig kapasitet hjå Skipstømraren på Sagvåg. Fartøyet er for tida ikkje i bruk for ålmenta, og dette skal leggjast vekt på ved tildelinga, jmf retningslinene for tilskotsordninga. Likevel er dette er fartøy som har stor historisk og kulturell verdi. Vi meiner difor at eigar bør få ei påskjøning for det viktige arbeidet som har vært gjort i ålmenta si interesse.

Tilråding: kr 30 000



### **M/B "QUEST"**

**Kommune:** Bergen  
**Eigar:** Gerhard Martin Eikeland  
Solbrekken 9  
5122 MORVIK

**Kallesignal:** JXVR  
**Kostnad:** 750 000  
**Søknadssum:** 500 000  
**Tilråding:** 40 000  
**Tidlegare tilskot frå HFK:** 159 000

#### Kulturminne

M/B "Quest" vart bygd for Hansa Bryggerier i 1943, men vart rekvirert av tyskarane og gjekk som vaktfartøy til 1945. Fartøyet var deretter i aktiv bruk. Agentbåt for Hansa Bryggerier under namnet "Hansa II" til det vart seld til Woldemar Jacobsen i 1972. "Quest" var agentbåt til 1974. Noverande eigar overtok fartøyet i 1976. M/B "Quest" fekk vernestatus av Riksantikvaren i 2013.

#### Tiltaket

Ved skifte av dekk vart det oppdaga råteskade i hudplank. Spesielt er dette på babord side av fartøyet samt hekk. Ein del hudplank styrbord blei skifta i samband med legging av nytt dekk. Hekken på fartøyet er konstruert på ein måte som gjer at ein må ha inngåande kunnskap med å få steamet plank og korrekt emne.

#### Vurdering

Skipstømraren på Sagvåg utfører arbeidet. I retningslinene til tilskotsordninga punkt 6c vert det lagt vekt på at tiltaket kjem ålmenta til gode. Sjølv om "Quest" hovudsakleg er i privat bruk, tek fartøyet del i mykje av det som har vore av festivalar og arrangement i Hordaland, og er ein flott representant for agentbåtane. God søknad og viktig tiltak.

Tilråding: kr 40 000



## **D/S "Oster"**

<b>Kommune:</b>	Lindås
<b>Eigar:</b>	Nordhordland Veteranbåtlag Postb.26, 5991 Ostereidet
<b>Kallesignal:</b>	LEPF
<b>Kostnad:</b>	593 350
<b>Søknadssum:</b>	120 000
<b>Tilråding:</b>	120 000
<b>Tidlegare tilskot frå HFK:</b>	920 000

### Kulturminne

D/S "Oster" vart bygd på oppdrag frå Indre Nordhordland Dampskibsselskap. 1915 vart skroget forlenga på Mjelle & Karlsen. På midten av 1960-talet vart fartøyet ombygd til dieseldriven frakteskip. For om lag 10 år sidan kjøpte NVHL heim fartøyet (M/S "Vaka") og starta arbeidet med attendeføring til 1964-utsjånad. Nordhordland Veteranbåtlag, som eig "Oster", har i dag om lag 700 medlem.


### Tiltaket

Skrog: Utbetring av forskip i to lugarar på babord og i 2. klasse salong på styrbord. Utbetring av spant og hud etter behov. Maling etter at arbeidet er gjort. Attmontering av panel og innreiing. Klassing og slippsetting. Maskintelegraf på bru og maskinrom. Utskifting av skada dekksp plank. Sertifisering av flåter og overlevingsdrakter.

### Vurdering

"Oster" blir brukt som eit levande museum, deltek på kulturrangement i Hordaland og går turar med inntil 99 passasjerar. D/S "Oster" vert nytta i månadene mai-september. Laget har medlem som stiller opp, men det må også leigast inn fagfolk som utfører spesielle jobbar. NHVL har sidan båten vart erklært ferdig restaurert i 2005 klart å byggje opp eit eige fond, "kjelefondet", eit fond med eige styre og vedtekter som forsikring for skade og havari av dampkjelen. Det er ei omfattande liste med tiltak, som alle er naudsynte, og det er verdt å merke seg at det omsøkte beløpet berre utgjør om lag 25 % av dei totale kostnadene ved prosjektet. Viktig tiltak.

Tilråding: kr 120 000



### **M/K "Sjøgutt" (eks "Terje")**

**Kommune:** Bergen  
**Eigar:** Terje Midtun

**Kallesignal:** LM2237  
**Kostnad:** 82 125  
**Søknadssum:** 65 000  
**Tilråding:** 40 000  
**Tidlegare tilskot frå HFK:** 225 000

#### **Kulturminne**

M/K "Sjøgutt" er eit kravellbygd kystfiskefartøy/kutter i furu. Fartøyet vart bygd i Mauranger 1921 og ombygd på Ådnanes i Bømlo i 1954. Opphavleg vart ho nytta til sildefiske, pigghåfiske og følgebåt på brisling og størjefiske. Siste tida i fiskeri som reketrålør på Møre. M/K "Sjøgutt" har ein semidiesel, Wichmann/"Rubb" 20hk 1947.

#### **Tiltaket**

Tilbakeføring av fiskeriutrustning. Linespelet vert løst, medan røyr og delar tilpassast før utstyret monterast. Skifte toppakning som det er lekkasje i. Vedlikehald av undervasskrog og propell + generelt vedlikehald, priming, sinking, bunnstoff. Grease i propellhodet.

#### **Vurdering**

Ved arbeidet med linespelet skal det opphavlege utstyret nyttast, og der det vert laga nytt, vert det brukt same metallkvalitet som tidlegare. M/K "Sjøgutt" er eit utstillingsfartøy i Bergen kystkultursenter og var i 2015 med på 3 kystkulturarrangement, vitja 29 stader på Vestlandet og brukte i alt 60 dagar på segling og formidling av kystkultur. Viktig fartøy med ein god funksjon for ålmenta.

Tilråding: kr 40 000



### **M/S "Lindenes"**

<b>Kommune:</b>	Odda
<b>Eigar:</b>	MS Lindenes AS c/o ADB Tjenester AS, Eitrheinsneset 8
<b>Kallesignal:</b>	LLBU
<b>Kostnad:</b>	2 245 446
<b>Søknadssum:</b>	1 000 000
<b>Tilråding:</b>	100 000
<b>Tidlegare tilskot frå HFK:</b>	0

#### **Fartøyet**

M/S "Lindenes" vart bygt ved Nordtveit Båtbyggeri, Nordtveitgrend i Fusa. Styrehuset vart flytta framover og salongen utvida i 1947. Det er også i nyere tid laga ei bysse. Motoren, som opphavleg var ein semidiesel Wichmann 2AB, blei skifta ut med ein Wichmann 2AC i 1957. Elles blei det installert hjelpemotor (220V generator) på 70-talet. På same tid vart truleg ferskvannskjølinga til motoren bytt ut med direkte sjøvannskjøling for å få plass til hjelpemotoren. M/S "Lindenes" fekk vernestatus av Riksantikvaren 2014. Målet for dagens eigarar er å restaurere båten slik han såg ut då han siste gang gjorde teneste i Odda - nyttårsaftan 1976, samtidig som båten må vere hensiktsmessig for dagens bruk.

#### **Tiltaket**

Det er lista opp omfattande restaureringstiltak med ei samla sum på kr 2 245 446. Dei to største tiltaka har ein samla kostnad på kr 1 399 446. Dei er delt på restaurering bestikkdekk kr 854 446, og restaurering av skuteside og hekk. Det er henta anbod på desse tiltaka frå Hardanger fartøyvernssenter og Skipstømraren i Sagvåg. Dei andre tiltaka er knytt til kjøling, maskindelar, vanleg vedlikehald, sikkerhetstiltak og inspeksjon.

#### **Vurdering**

Det vil bli etablert et vennelag for "Lindenes", som skal ta vare på, restaurere og drifte båten. Odda kommune har løyvd kr 300 000 til heimkjøp av "Lindenes". Fartøyet vert til bruk for ålmenta og til opplæring i sjømannskap. På sikt er det også mogleg med passasjerfart i Hardangerfjorden. I samråd med eigarane har vi blitt samde om at arbeidet med hekken bør prioriterast.

Tilråding: kr 100 000



### **M/S "Vestgar"**

**Kommune:** Fjell  
**Eigar:** Øygardsbåtane AS Geitanger  
5360 Kolltveit

**Kallesignal:** LMEA  
**Kostnad:** 207 700  
**Søknadssum:** 100 000  
**Tilråding:** 50 000  
**Tidlegare tilskot frå HFK:** 330 000

#### Kulturminne

M/S "Vestgar" vart bygd i 1956 og innreia som tradisjonell rutebåt og sjøbuss, med både postkontor og kreaturstall. Den siste rutebåten som gjekk i rute mellom Bergen, Fjell og Øygarden. Gjekk i rute i Øygarden og Fjell til 30. mai 1979. Deretter kjøpt av Pinsemenigheten og fekk namnet "Fredsbudet". Fartøyet gjekk i mange år langs kysten av Noreg som misjonsbåt. Noverande eigarar overtok fartøyet i 2007. Stålskrog med overbygg i aluminium. Fartøyet vart freda av Riksantikvaren i 2014.

#### Tiltaket

Tilskotet skal nyttast til montering av nytt røyropplegg og radiatorar for sentralvarme. I dag er det el. ovnar som er plasserte i salongane. Det er omfattande dokumentasjon med teikningar av radiatorpunkt som ligg til grunn for arbeidet som skal gjerast.

#### Vurdering

"Vestgar" vart freda av Riksantikvaren i februar 2014, og er det mest intakte fartøyet som er att av dei såkalla sjøbussane. Tiltaket vert ei tilbakeføring til 1979. Før den tid var det radiatorar som sørga for varme i fartøyet. Tiltaket vil medverke til å halde jamn temperatur ombord heile året. Dette vil forhindre fukt og dogg ombord og med det ta betre vare på "Vestgar".

Tilråding: kr 50 000



### **S/J "Mathilde"**

**Kommune:** Kvam  
**Eigar:** Hardanger og Voss museum P.b. 53,  
5601 Norheimsund

**Kallesignal:** LILK  
**Kostnad:** 1 165 000  
**Søknadssum:** 200 000  
**Tilråding:** 100 000  
**Tilskot 2010-2014:** 340 000

#### **Fartøyet**

S/J "Mathilde" er ei hardangerjakt som vart bygd i 1884 i Ølve i Kvinnherad. Gjekk i rute til Lofoten der ho kjøpte skrei som vart salta og tørka før han vart seld til Bergen. Fartøyet gjekk i fraktefart fram til 1982. Etter at ho vart ferdig restaurert i 1989 har ho segla med skuleklasser vår og haust. Om sommaren seglar ho kysttokt. Restaureringa av hardangerjakta "Mathilde" var starten på Hardanger fartøyvernssenter (HFS) i 1984. "Mathilde" er truleg landets mest aktivt drivne museumsfartøy.

#### **Tiltaket**

Vedlikehald av skrog , dekk, dekkshus og rigg og segl. Merk at den immaterielle sida ved drift av kulturminnet Mathilde er særleg viktig. Alt vedlikehald og istandsetting vert gjennomført med tradisjonelle materialar og midlar. Linoljemåling. Olje: Linolje og tjøre. Tauverk i hamp og manilla. Seglduk i lin.

#### **Vurdering**

Mannskap tilsett på heilårs basis, høge krav til tryggleik og sertifisering er den beste måten å halde fartøyet i jamt god stand. "Mathilde" har ei tredelt drift: Museumstokt, leirskule og sommartokt. "Mathilde" er open og tilgjengeleg for alle og driv aktiv formidling mot folk i alle aldre. Drift skjer i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Kvam herad m.fl. Viktig tiltak.

Tilråding: kr 100 000



### **M/K "Vikingen"**

**Kommune:** Kvam  
**Eigar:** Hardanger og Voss museum P.b. 53,  
5601 Norheimsund

**Kallesignal:** LEYC  
**Kostnad:** 345 000  
**Søknadssum:** 100 000  
**Tilråding:** 40 000  
**Tidlegare tilskot frå HFK:** 70 000

#### Fartøy

M/K "Vikingen" er ein fin representant for hardangerkutterane. Fartøyet vart nytta som fiskebåt på heile kysten frå Rogaland til Finnmark. 1941 gjekk "Vikingen" til Shetland med seks mann. Etter krigen vart "Vikingen" brukt til fiske fram til 1978. No nytta i formidling, ungdomsarbeid i samarbeid med Nordsjøfartmuseet.

#### Tiltaket

M/K "Vikingen" vart slippsett i 2015, museet treng difor ikkje å ta båten på slipp i 2016. I 2016 vert båten igjen rigga opp for å kunne vere i drift. "Vikingen" har i påvente av motorreparasjon vore i opplag under presenning utan styrehus og rigg. Dette medfører at museet i 2016 må gjennomføre arbeid knytt til styrehus, dekk, skrog og rigg for å få båten "shipshape" igjen.

#### Vurdering

Eit flott og viktig fartøy som vert brukt i samband med formidling av kultur. Heile riggen er av naturfiber. Dette kostar meir, men opprettheld kompetanse på vedlikehald og produksjon. Dette året er det naudsynt med ekstra vedlikehald på riggen. Foreslår at det vert løyvd midlar til arbeid og innkjøp av linoljemaling, tjøre, tauverk og seglduk i lin.

Tilråding: kr 40 000



### **M/Y "Faun"**

**Kommune:** Kvam  
**Eigar:** Hardanger og Voss museum P.b. 53,  
5601 Norheimsund

**Kallesignal:** JXDF  
**Kostnad:** 385 000  
**Søknadssum:** 100 000  
**Tilråding:** 30 000  
**Tidlegare tilskot frå HFK:** 180 000

#### **Fartøyet**

Lystbåten "Faun" vart bygd i Bergen i 1916 for Einar Michelsen, son til Christian Michelsen som overtok fartøyet etter at sonen døydde. Seinare lystfartøy for andre bergenske reiarar og forretningsmenn. Båten vert i dag nytta som museumsfartøy og til formidling.

#### **Tiltaket**

Planen for 2016 er å gjera overflatearbeid. "Faun" med alle sine lakkflatar er ein krevjande båt å halda. Krev årleg vedlikehald for at forfallet ikkje skal få overtaket. Søkjer stønad til arbeidet med vedlikehald av cockpit akter og alle lakkerte flater på overbygg og dekk. Alt vedlikehald og istandsetting skjer med tradisjonelle materialar og arbeidsmetodar. Måling: Linoljemåling. Lakk: Ravilakk (oljelakk).

#### **Vurdering**

Venelaget har dei siste åra gjort ein flott innsats, men ein kan ikkje forventast at venelaget skal greie dette aleine. Arbeidet er stønadsverdig etter vedtektene for tilskotsordninga. Vi overlet til museet å prioritere kva som er viktigast.

Tilråding: kr 30 000



### **S/K "Seladon"**

**Kommune:** Fitjar  
**Eigar:** Einar Matre og Terje Skorpen  
5419 Fitjar

**Kallesignal:** LJPJ  
**Kostnad:** 210 000  
**Søknadssum:** 210 000  
**Tilråding:** Avslag  
**Tidlegare tilskot frå HFK:** 100 000

#### **Kulturminne**

Ein to-masta seglkutter på 58 fot bygd i Svoldal i Hardanger i 1937. Fartøyet var opphavleg utrusta for fiske og har mykje originalt i seg. I meir enn 20 år har seglkuttaren hatt sin virke på Smedholmen og vore ein del av miljøet der.

#### **Tiltaket**

Delvis utskifting av dekk og bjelker, samt deler av nedgangsparti/dekkshus. Nokre nye rekkestøtter og rekkeplank.

#### **Vurdering**

I retningslinene står det at fartøy må ha vernestatus for å få midlar frå denne tilskotsposten. "Seladon" har søkt, og fått avslag på vernestatus frå Riksantikvaren. Tidligere har fartøyet fått tildelt midlar frå fartøyvernepotten og etter dei at retningslinene vart vedteke, fekk dei tilskot frå ålmenne kulturmidlar. Vi har oppmoda Smedholmen A/S til å søke andre stønadsordningar. Seladon arrangerer turar og kurs for skuleungdom, barnehagar, folkehøgskular, lærarhøgskular, organisasjonar og bedrifter. Drifta av "Seladon" har gitt prisar frå fylket, Forbundet Kysten, kommunen og Johannes Kleppeviks minnefond, men vi kan ikkje tilrå midlar frå denne tilskotsposten sidan det er i strid med retningslinene.

**Tilråding:** Avslag





**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5  
Postboks 7900  
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00  
**[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)**